


foko-nytt (7) 2/99

FOKO

**Forum for opplæring innenfor
kriminalomsorgen**

NORSK UNDERAVDELING AV EUROPEAN PRISON
EDUCATION ASSOCIATION

EUROPEAN
PRISON
EDUCATION
ASSOCIATION



lederens hjørne



Takk for sist til alle som deltok på Sørmarka-seminaret. Den skriftlige evalueringen av seminaret var hyggelig lesing for styret. Utfordringen ligger nå i å fornye oss og ikke minst finne temaer som treffer medlemmene i samme grad som det synes å ha gjort ved dette seminaret. Det skulle være

nok å ta av. Nå er for øvrig tiden inne for dere alle til å påvirke både temaer og personer, så brenn ikke inne med forslag!

Ellers går vi nye tider i møte med hensyn til regionaliseringen. Som vi hørte og har lest i meldingen vil dette påvirke alle fengsler i større og mindre grad og det skal bli spennende å se hvordan dette slår ut på skolesiden. Jeg tenker spesielt på at hver region skal være selvforsynt med tilbud. Sett dere inn i konsekvensene for egen region, for det er nå vi eventuelt kan påvirke eller gjøre oppmerksom på konsekvenser ingen har tenkt på. Merk dere ekspedisjonssjefens ord om at vi inviteres til å bli mere rølpete. Vi må iallfall ikke sitte på gjerde og vente. Fra nyttår begynner de første ansettelsene og mye skal skje i løpet av år 2000.

Etter Athenkonferansen kan noen hver av oss tenke at vi har kommet langt på mange områder her til lands, men det er mye arbeid vi kan gjøre bedre. Vi må passe oss vel for at vi ikke blir selv gode og ikke følger nok med i utviklingen i skolen og samfunnet utenfor murene. Flere foredragsholdere i Aten fremholdt dette som det viktigste. Samfunnet må inviteres inn i fengslet dersom de innsatte ikke får gå ut. Vi må aldri miste av syne at våre innsatte før eller siden skal ut i. En velfungerende fange er kanskje ikke det beste kriteriet på at vedkommende klarer seg ute!

Og hva skal vi utvikle av egne evner for å holde koken og engasjementet ved like? Til det har jeg lyst å sitere Spinoza fritt gjenfortalt av Arne Næss. *Det viktigste er å ha god sjelsstyrke og raushet, og det er ikke så rent lite bare det.*

Kjære FOKO venner, med dette ønsker jeg dere en GOD JUL og en god overgang til vårt nye tusenår - vel møtt til dere alle i år 2000!

Ingunn

Innhold foko-nytt 2/99

Lederens hjørne	2
Organisasjonssida	3
Oppfølging etter avslutta soning	4
Skolen ved Ringerike kretsfengsel	10
Kompetansebygging for alle ansatte på Berg kr.f.	11
EPEAs Athenkonferanse	12
Noen uhøytidelige betraktninger	13
Studietur til Irland 21.-26. april 1999	14
FOKO-seminar -99 Sørmarka	17
Landsseminar på Luksefjell	22
Bergen landsfengsel med hjemmesider på Internett	22
Innlegg på landskonferansen på Os	23
Fengsel i New Zealand: Kultur og kulturlandskap	26
Fengselsbesøk i Korydallos kvinnefengsel i Athen	28
EPEA bulletin	30
Rekommendasjon	32
FOKO-stipend	32

Styret i FOKO 1999/2000

Leder Ingunn E. Kleivan
Nestleder Kay Sudland
Kasserer Jon Rønning
Sekretær Torfinn Langelid
Inform.ansvarlig Leif Lyngstad

Rud vgs, avd. Ila landsfengsel
Berg Kretsfengsel
Jessheim vgs, avd. Ullersmo
Statens Utdanningskontor i Hordaland
Klosterskogen vgs, avd. Skien
kretsfengsel

Vararepresentanter:

1. Randi Binz
2. Anne Marit Thorsrud

Grønland Voksenopplæringscenter
Kriminalomsorg i frihet - Oslo sentrum

Foko-nytt 2/99

Utgiver:

FOKO

Forum for opplæring innenfor kriminalomsorgen

NORSK UNDERAVDELING AV
EUROPEAN PRISON EDUCATION ASSOCIATION

Ansvarlig:

Leif Lyngstad


KVS/Skien kretsfengsel,
Boks 2720 Kjørbekk, 3702 Skien
E-mail: klostfeng@online.no
Telefon: 35 90 05 24, telefax: 35 90 05 28

NB! SEND INN NY MEDLEMSREGISTRERING

Oppfølgingsarbeidet for løslatte har hatt trange kår. I artikkelen "Oppfølging etter avslutta soning" sier Torfinn Langelid at dette viktige feltet har vært prega av politiske lovnader uten innhold. De av oss som har arbeidet med tilrettelegging for løslatelse kan skrive under på det. Det er et stort behov for økte ressurser til oppfølgingsarbeidet, og det er ikke minst behov for å utprøve nye samarbeidsmodeller.

Vi har tidligere etterlyst arbeidsmarkedsetaten. Det er ganske uforståelig at denne etaten ikke tar klarere ansvar! Det er positivt at man har gått inn i samarbeid om oppfølgingsprosjekt for deltakere i noen av NY START-programmene, men vi etterlyser et bredere engasjement. Oppfølgingsklassene roper etter en aktiv arbeidsmarkedsetat!

Vi kommer ingen vei hvis ikke også arbeidsmarkedsetaten forpliktende og systematisk tar ansvar sammen med anstaltene, kriminalomsorg i frihet, sosialetaten og skolene! Et lysglimt i dette mørket er prioriteringen av oppfølgingsarbeidet som ligger i St.prp. nr.1 for neste år.



Men altfor lite blir gjort for å lette løslatelsen og overgangen til ordinært samfunnsliv. Torfinn Langelid er klar nok: "Vi har mykje kunnskap på dette feltet, men vi brukar han ikkje. For den straffedømte står det om å få leve eit verdig liv".

LLy

ST.PR.P. NR.1 1999-2000 PRIORITERER STYRKING AV OPPFØLGINGSARBEIDET:

" Prosjekter knyttet til oppfølgingsarbeidet innenfor kriminalomsorgen.

Stortinget og Regjeringen har i de seneste årene sterkt understreket behovet for å styrke oppfølgingsarbeidet etter avsluttet soning. Det er gjennomført møter og kontakt mellom skoler, fylkeskommuner, kriminalomsorgen og andre samarbeidende institusjoner for å få i gang treårig utviklingsarbeid der målene er å tilegne seg erfaringer som skal føre til en bedre samordning, effektivisering og utnyttelse av ressursene innenfor oppfølgingsarbeidet. For opplæring innenfor kriminalomsorgen vises det til omtale under kap. 231 post 61."

" Prosjekter knyttet til oppfølgingsarbeidet innenfor kriminalomsorgen.

Prosjektene vil legge vekt på:

- utvikle et tettere nettverk mellom etater og faggrupper
- gjøre forsøk med å myke opp regelverket for å unngå en for sterk grad av klientifisering
- styrke oppfølgingen av elever som har startet yrkesopplæring i fengsel, bl.a. i samarbeid med arbeidsmarkedsetaten
- styrke dataopplæringen for kvinnelige innsatte/løslatte
- øke livsmestringskompetansen gjennom en sterkere satsing på praktisk-estetiske fag m.m.
- styrke kontakten med det ordinære skoleverket"

Nytt medlemsregister

FOKO er i stadig vekst, vi blir flere og flere. Dette er selvfølgelig positivt, men det gjør det også vanskeligere å holde orden i medlemsregistret. Vi i styret har en periode slitt med at folk flytter, ikke betaler medlemskontingent eller ikke har oppgitt riktig adresse. Det gjør at mange medlemmer ikke får den informasjonen som vi sender ut. Dette er et problem som vi ønsker å gjøre noe med. Men for å få god orden i medlemsregistret trenger vi din hjelp. Vi ber derfor alle, både gamle og nye medlemmer, fylle ut nedenstående skjema og sende det til:

FOKO v/Jon Erik Rønning
Bennechesgate 5b
0169 Oslo

Ta gjerne kopi til andre på ditt arbeidssted (hvis noen ønsker å bli medlem eller hvis allerede eksisterende medlemmer ikke mottar FOKO-NYTT)

Navn:

Arbeidssted:

Priv. adresse:

Arbeidsadresse:

Postnr: Poststed:

Postnr: Poststed:

☐ Eksisterende medlem ☐ Nytt medlem

Tlf: Fax:

E-mail:

Oppfølging etter avslutta soning

Profesjonenes tyranni og politiske lovnader utan innhald

Torfinn Langelid

I dei siste tretti åra har det vore ei handlingslammande politisk semje om å styrkje oppfølgingsarbeidet fortidlegare straffedømte. Den eine forskingsrapporten og utgreiinga etter den andre har påvist dei same manglane om att og om att. Likevel har lite skjedd, og arbeidet går seint framover. Vi har mykje kunnskap på dette feltet, men vi brukar han ikkje. For den straffedømte står det om det å få leve eit verdig liv.

Opplæring i fengsel blei overtatt av skoleverket i 1969 (sjå artikkel: Spesialpedagogikk 5/99). Dette blei kjempa fram av sterke personar, først og fremst i fengselsvesenet. Arbeidet fekk stor merksemd både frå politikarar og framståande byråkratar. Kriminalpolitiske seminar i regi av Justisdepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet understreka behovet for opplæring i fengsel, og media gav arbeidet positiv omtale.

Oppfølging etter avslutta soning har ikkje på same måten blitt arbeid fram av politikarar og sterke byråkratar. Området har heller ikkje på same måten fått omtale av media. Oppfølgingsarbeidet er i hovudsak historia om enkeltpersonar i skoleverk og i Kriminalomsorg i frihet som har sett behovet for å følgje opp igangsett opplæring i fengsel med tilbod etter frigjeving. Medan integrering er stikkordet i den ordinære skoledebatten, og spesialskolar blir lagt ned frå 1970-åra og utover, får vi eigne spesialklasser for tidlegare straffedømte som ønskjer å halde fram med utdanning etter avslutta soning. Segregering blir resultatet. Dette er eit område der mange etatar har eit ansvar, men dei har i svært liten grad tatt ansvar. I staden for har dette området vore prega av profesjonane sin kamparena. Dette området har også blitt utsett for mange politiske lovnader utan at det har ført til store endringar.

Historisk perspektiv

Oppfølging av fangar har alltid vore eit forsømt område, enda vi veit og har visst at

- innsette har mange problem av ulik karakter å stri med
- fengsels-opphaldet aukar problema
- frigjevingsfasen er den vanskelegaste tida. "Dommen begynner når jeg går ut fengselsporten" mange har problem med
 - økonomi
 - bustad
 - skole/arbeid
 - fritida
 - rus
 - helse
 - å koma inn i eit trygt og sikkert sosialt fellesskap m.m.

Dette veit vi og det visste også styresmaktene for 150 år sidan. I 1841 la Strafanstalts-kommissionen fram si innstilling. Komiteen blei sett ned i 1837 og hadde til oppgåve å greie ut om fengselstilhova her i landet og koma med framlegg til tiltak.

"Fangerne høre os til, vi ere forpligted til at give paaalidelig og udmøntende forklaring over, hvorledes vi have behandlet dem, og vi ere ligeledes forpligtede til at interessere os for dem, naar vi slippe dem løs. Jeg siger gjerne til dem ved Løsladelsen, at jeg vil have langt mer Interesse for dem, naar de ere gaarde ud af Fængselsporten, end for, da de nu have at gjøre Prøve paa det Regnestykke, som Fængslet har ladet dem arbejde med. Det, at Interessen vil følge den frigivne, er for mange Løsladte en Styrkende tanke."

Komiteen sa mellom anna:

... En Mængde Fanger have ved deres Løsladelse af Fængslet *intet Tilhold og intet at ernære sig ved*. Man ser i dem sædvanlig ikke omvendte Forbrydere, der have fattet gode Forsætter for Fremtiden og besidde Styrke til at udføre dem; - man nærer i Almindelighed Mistanke imod dem - skyer deres Selskab - de lide ondt for at faae en passende Ansættelse - selv deres Paarørende støde dem ukjærligen fra sig - de Penge de medbragte fra Strafanstalten, blive snart fortærede. De nødes derfor til at stjæle eller begaae andre Forbrydelser for at opholde Livet; de blive grebne, domfældte, og befolke saaledes snart igjen Fængslerne, som de nys forlode. Skulle derfor de gavnlige Virkninger af Behandlingen i Fængslet ikke tabe sig, men blive af Varighed, *maa man ikke forlade Fangeren i det kritiske Oieblik, han derfra løslades. Omsorg for den løsladte fange, og den derved bevirkede eller dog tilsigtede Forebyggelse af hans Tilbagefald paa Forbryterbanen udgjør saaledes en nødvendig Betingelse for en varig Virkning af Behandlingen i Strafanstalten*; og en lignende Omsorg bør også blive den løsladte Varetægtsfange til Deel ...²⁾ (Art.forf. sine uthevingar)

Nøyaktig 140 år seinare - 1981 - seier Skaalvik/Stenby i sin grundige rapport "Skole bak murene" (1981):

Det var gjort lite for å forberede løslatelsessituasjonen. De innsatte ble overlatt til seg selv ved løslatelsen. Skolegangen i fengslet var ikke en del av en langsiktig plan. Arbeidskontoret, vernelaget eller skoleverket deltok ikke i noe systematisk arbeid for å legge situasjonen til rette ved løslatelsen.³⁾ (s.322)

Eit utal av granskingsrapportar kan refererast som fortel det same. Vi snakkar om ei utsett gruppe. Ei elevgruppe med mange tap i skolen, med dårleg arbeidslivserfaring og eit manglande sosialt nettverk. Mange har også problem med bustad og økonomi. I tillegg har dei rusproblem å stri med. Med ei slik tapsliste skulle vi tru at styresmaktene verkeleg gjekk i bresjen for å gje desse menneska eit verdig liv, særleg fordi tilbakefallsprosenten også er så stor.

Små spirer i 1970-åra

I denne ti-års bolken har etablering av undervisningstilbod i fengsel prioritet. Utgangspunktet for den første oppfølgingsklassa i Oslo er unge menneske med stoffproblem. Kriminalomsorg i frihet i Oslo og Akershus eller vernelaget som det heitte på den tida, opplevde at deira eigne unge klientar med stoffproblem hadde store opplæringsbehov. Oslo og Akershus vernelag starta difor i 1970 ein skole som mellom anna skulle gje denne gruppa undervisning i gymnasfag, ungdomsskolefag og handelsfag. Drivkrafta i dette arbeidet var undervisningsleiar Ingolf Frøysa ved Oslo og Akershus vernelag. Det viste seg alt frå starten at ein overraskande stor del av elevane fullførte utdanninga med gode resultat.⁴⁾ I 1975 blei skolen ein del av fengselsundervisninga i Oslo. Året etter blei det oppretta eit dagsenter knytta til skolen der elevane fekk dekkja behova sine for fellesskap og praktisk hjelp til ein meir stabil livssituasjon. Denne første oppfølgingsklassa i landet går i dag under namnet Grønland Voksenopplæringscenter avd. Sentrum.

Dette prosjektet er starten til det gode samarbeidet mellom skoleverket og Kriminalomsorg i frihet som vi seinare finn ved 4-5 av oppfølgingsklassene rundt om i landet. Samarbeidsmodellen er at Kriminalomsorg i frihet stiller lokale, fagekspertise og også ofte fritidsutstyr til rådvelde. Skoleverket yter ressursar til lærarkreftene. På denne måten kan dei utnytte kvarandres kunnskap for og i lag med

elevne.

Det andre oppfølgingstiltaket i 1970-åra kom som eit resultat av eit hovudfagsarbeid i spesialpedagogikk av Per A. Birketvedt og Hans Martin Svarstad.⁵⁾ To av konklusjonane i oppgåva er at ein først og fremst må arbeide for å gje tidlegare elevar i fengsel eit skoletilbod utanfor murane og for det andre at det er nødvendig med eit sterkt utbygd ettervernsarbeid.⁶⁾ Innovasjonsarbeidet knytta til oppgåva førte til oppretting av ei oppfølgingsklasse med grunnskolefag på Tveita i Oslo i 1978. Dette tiltaket var "på vandring" fleire stader i Oslo før det kom til Smedstua og blei tilhøyrande Smedstua Voksenopplæringsssenter under namnet Grønland Voksenopplæringsssenter avd. Smedstua.

1980-åra - samarbeidet mellom skoleverket og Kriminalomsorg i frihet held fram

1980-åra er tiåret då vi får i gang oppfølgingsklasser fleire stader i landet: i Trondheim i 1980, ei ny oppfølgingsklasse i Oslo i 1982, i Bergen i 1982/83, i Bodo i 1983, i Tonsberg i 1985, i Steinkjer i 1987, i Drammen og i Hagesund i 1988.

Forskinga til Skaalvik/Stenby er truleg ein klar premissleverandør for at det blei etablert så mange oppfølgingsklasser i dette tiåret. Oppfølgingsklassa i Trondheim kjem som det første konkrete resultatet av denne forskinga. Felles for dei fleste av desse tiltaka er at samarbeidet mellom skoleverket og Kriminalomsorg i frihet held fram. Den faglege tyngde og krystallklare konklusjonar om det dårlege oppfølgingsarbeidet var ikkje dagleg kost:

- Skolegangen går ikke inn som en del av en langsiktig plan for den innsatte. Han løsiates uten at noen instanser i samfunnet har planlagt løslatelsessituasjonen sammen med han. (s.313/314)
- Mange innsatte ga uttrykk for mistillit til arbeidsformidlingen (fylkesarbeidskontoret). De hevdet at det var liten hjelp å få der. Våre samtaler med arbeidsformidlere på fylkesarbeidskontoret bekreftet også at ikke alle formidlerne så det som sin oppgave å arbeidsplassere tidligere innsatte. (s-330)
- Så lenge løslatelsen ikke forberedes og planlegges i samarbeid mellom ulike institusjoner, løslates innsatte til det frie markedets krefter. Kriminalpolitiske tiltak vil være nødvendig. Det er sannsynlig at den mest effektive måten å redusere stempelingen på, vil være frigangsfengsel med arbeid/skolegang utenfor fengslet. (s. 342)
- Overgangen til frihet, ansvar og skolegang som en selv må passe på, er stor og kommer plutselig. (s-356)
- Flere tiltak kan komme på tale for å gjøre overgangsproblemene mindre. Økt bruk av frigang under soningen vil ha flere fordeler. Frigang som er kombinert med skolegang eller arbeid utenfor fengslet kan også redusere institusjonaliseringen. (s.359)
- Mange av elevene i fengslet trenger sosiale støttekontakter når de løsiates. Dette har vært et sterkt forsømt område, og mange elever føler at de mangler slik støtte etter løslatelsen. (s.360)
- De tidligere innsatte hadde sosialt miljø som i stor grad besto av andre som var arbeidsløse og hadde avvikeridentitet. Både arbeidsløsheten og dette sosiale miljøet bidro trolig til mye "uteliv" (restaurant/kafe) (S-368)

Ettervernarbeid gjelder ikke bare det å sikre arbeid, gode skoletilbud og legge andre ytre forhold til rette. Den sosiale og personlige kontakt og støtte de innsatte trenger er like viktig. Her har det sviktet. Ingen institusjoner har maktet dette arbeidet. De innsatte har liten tillit til arbeidskontor og vernelag. Hvordan skal disse institusjonene da gi støtte? (s.388)⁷⁾

Opplegget i Trondheim følgjer same modellen som i Oslo.⁸⁾

Oppfølgingsstiltaket i Bergen som går under namnet Dagskolen, hadde ei anna tilnærming. Det blei etablert som ei underavdeling under Friundervisninga, men elevane blei rekrutterte gjennom Kriminalomsorg i frihet. Det var ein del elevar med sosiale problem som søkte seg inn på Friundervisninga sine deleksamenskurs, men dei greidde ikkje å gjennomføre kursa.

Den selvilliten vi har mistet, må vi bygge opp igjen - trinn for trinn. Da vil det bli noen sprekker på veien. Vi er vant til å få nei alle steder, ja, vi tar det som en selvfølge. Men denne skolen er viktig nettopp for å bygge opp denne selvilliten. (Elev, Dagskolen i Bergen i brev til sosialrådmannen.⁹⁾)

Det var behov for andre tiltak. Etter ei tid blei prosjektet skilt ut frå Friundervisninga i Bergen som eigen stiftelse.¹⁰⁾ Frå i. august 1985 gjekk Dagskolen inn som eigen filial under Hordaland fylkeskommune og får i dag statlege midlar som del av opplæringa innanfor kriminalomsorgen.

Fagleg gir dei fleste oppfølgingsklassene tilbod om grunnskoleundervisning og allmenne fag innanfor vidaregåande opplæring. Det er med andre ord eit snevert fagtilbod. For å bryte denne tendensen blei det i 1982 oppretta ei tredje oppfølgingsklasse i Oslo, som ei avdeling av Grønland Voksenopplæringsssenter, med tilbod om grunnkurs i mekaniske fag. I tillegg blei det gitt grunnskoleundervisning (i dag etablert i A/S Industrijeneste sine lokale på Bryn). I dag er hovudvekt lagt på yrkesretta opplæring, og det er eit nært samarbeid med A/S Industrijeneste som er ei verna bedrift der justisdepartementet er hovudaksjonær. Den andre oppfølgingsklassa med vekt på yrkesfag blei etablert i Kristiansand i 1996.

Eit anna tiltak som må nemnast - er oppfølgingsleiarane ved Grønland Voksenopplæringsssenter (GVO) i Oslo. Prosjektet "Fra fengsel til utdanning og arbeid" blei sett i gang ved GVO for å styrkje ettervernet. To personar blei tilsett som oppfølgingsleiarar i 1982. Målsetjinga for prosjektet var å:

- a) arbeide med resosialisering av eit fåtal av elevane ved skolen
- b) motivere elevane til å arbeide med sin eigen situasjon
- c) starte med elevar som ikkje blei rekna blant dei mest belasta slik at dei kunne vinne erfaring med elevar som ville vera i stand til å endre livssituasjonen.

Oppfølgingsleiarane arbeidde internt mot rådgevarane ved skolen, innsette og fengslet. Samarbeidet utover var retta mot Kriminalomsorg i frihet, sosialetat, fylkesarbeidskontor, oppfølgingsklassene, enkelte vidaregåande skolar m m.

I startfasen fekk prosjektet støtte av Sentralrådet for narkotikaproblemer og Oslo kommune¹¹⁾. I dag er oppfølgingsleiarane ein integrert del av GVO.

1990-åra. Oppfølgingsprosjekt knytta til "Trygghet og nærhet i hverdagen"

I St meld nr 23 (1991-92) Om bekjempelse av kriminalitet kjem regjeringa med framlegg til handlingsplan for forebygging av kriminalitet og handlingsplan for "etterfølgende kriminalitetsbekjempende tiltak".¹²⁾ Ei oppfølging av denne stortingsmeldinga blei gitt namnet "Trygghet og nærhet i hverdagen"¹³⁾ Dette er ein tverrdepartemental plan - mellom sju departement - som blir karakterisert som eit nasjonalt forebyggingsprogram. To av tiltaka i denne planen er "Fullføring av utdanning etter endt soning" og "Ettervernsprosjekt for unge lovbrøytare" - prosjekt som på kvar sin måte vil prøve å styrkje den problemfylte tida etter avslutta fengselsopphald.¹⁴⁾ KUF ytte midlar

til oppfølgingsklasser/ prosjekt i Nordland, Hedmark, Finnmark, Oslo, Telemark og Aust-Agder. Eit perspektiv som kjem sterkare inn ved denne planen er at ein føresetnad for å få midlar, er at det blir etablert eit tverretatleg samarbeid der alle medverkar med ressursar for å gjennomføre tiltaket. Prosjektperioden varer i tre år 1994 - 1997.

Det synlege resultatet i dag er ei oppfølgingsklasse i Skien og på Hamar knytta til opplæringsverksemda i fengsla på dei to stadene. Eit problem med tiltak av denne karakteren er at det er prosjektarbeid som pr. definisjon er avgrensa i tid. Aktive og engasjerte menneske set i gang med gode tiltak, men så blir det problem undervegs med ressursar og ved prosjektperiodens slutt er det uklart om tiltaket blir vidareført. Dei to prosjekta som framleis er i aktivitet, mobiliserte ein storsingsrepresentant og fleire departement for å sikre seg ei framtid.¹⁵⁾

Samstundes viser undersøkingar/forsking i 1990-åra på ny det som Skaalvik/Stenby dokumenterte så tydeleg i byrjinga av 1980-åra. Det er ikkje lagt til rette for at ein tidlegare straffedomt skal kunne klare seg i samfunnet på ein god måte.

Statens utdanningskontor i Hordaland sette i 1994 ned ei arbeidsgruppe som fekk som mandat å **a)** analysere behovet for styrking av oppfølgingsarbeidet for innsette/frigjevne i høve til arbeidslivet **b)** koma med framlegg til løysingar for korleis arbeidet kan/bor organiserast. Utgangspunktet for dette arbeidet er styrking av oppfølgingsarbeidet ved Bergen landsfengsel. Resultata kan difor ikkje karakteriserast som representative. Det er likevel tre generelle perspektiv som gjer seg gjeldande her: For det første er åtte av ti innsette positive til opplæring og/eller arbeidstrening i fengsel og gir følgjande grunngevingar: "Bedre rustet til å møte samfunnet etterpå" "(Få) bredere kompetanse" "Unngå passivitet og fordømming" "Blir behandlet med respekt, som et menneske". Dei offentlege etatane som har til oppgåve å gje hjelp når fengselsporten slår igjen og vegen på ny skal stakast ut, får mildt sagt dårleg omtale. Mellom 77 og 97 prosent opplever at skolen, Kriminalomsorg i frihet, arbeidsmarknadsetaten, trygdeetaten, sosialetaten og bustadkontoret er "dårlig" eller "meget dårlig" når det gjeld oppfølgingsarbeidet etter avslutta soning. Hovudtyngda ligg på "meget dårlig" og skolen kjem faktisk dårlegast ut. Og det dei innsette etterlyser er:

- a) praktisk hjelp til å skaffe bustad, arbeid, skoleplass og hjelp til å løyse økonomiske problem
- b) ettervern og personleg oppfølging i form av samtaler
- c) hjelp til å takle rusproblem.¹⁶⁾

Det er om lag dei same konklusjonane Fridhov (1993) kom fram til då ho spurde eit utval frimorsorgsklientar om kva slags faktorar som var mest avgjerande for om dei vil klare å leva eit lovlydig liv i framtida? Dei viktigaste faktorane var; fast bustad (87 %), fast arbeid (77 %), meningsfull fritid (67 %) og rusfrie vener (63 %). Avveningskur (50 %), utdanning (47 %), ekteskap (20 %) Og tru på Gud (16 %) kjem mykje lenger nede på lista.¹⁷⁾ Det vi ser er at utdanning er berre ein bit, ein renning i veven for at livet skal bli bra.

Nokolunde samstundes med Fridhov kom svensken Pawel Chylicki med doktorgraden sin "Att upphöra med brott -Vegar ut ur den kriminella karriären" (1992). Stutt fortalt viser hans avhandling at dei tidlegare straffedomde som ikkje gjekk tilbake til kriminalitet, etablerer i ein alder av 20-25 år kontaktar både i og utanfor det kriminelle miljøet. Det er fråver av misbruksproblem. Dei opplevde kontakten i det kriminelle miljøet som innhaldsløst og dei hadde kontaktar/forhold utanfor det kriminelle miljøet. Av tiltak som Chylicki peikar på er at det er viktig å utvikle langvarige og personlege kontaktar/forhold, val av tidspunkt for tiltak er viktig og fengselsstraff er berre avskrekkande på dei individa som har kontaktar utanfor den kriminelle karriären.¹⁸⁾

I dag har vi etablert oppfølgingsklasser 11 stader rundt om i landet. Desse oppfølgingsklassene er definert som del av opplæring innanfor

kriminalomsorgen. Av dei om lag 800 elevplassane vi har samla i opplæring innanfor kriminalomsorgen, er 160 elevplassar å finne i oppfølgingsklassene.¹⁹⁾ Dette er truleg ikkje nok. Det må og leggast til at ein del tidlegare straffedomte går til det ordinære skoleverk, vaksenopplæringsenter, hogskolar m m. Men det er truleg dei færreste. Mange gir opp når dei går ut fengselsporten, eller kort tid etterpå.

Det som kjem så tydeleg fram frå dei ulike forskingsrapportane og frå praktisk arbeid, er at utdanning ikkje kan sjåast isolert. Alle dei andre områda som husvære, økonomi, sosialt nettverk, fritidstilbod og forholdet til rus må vera avklara eller på plass. Dette arbeidet krev med andre ord eit samarbeid mellom ulike etatar for å få ressursar og tiltak på plass. Eit kjenneteikn ved arbeidet er at det er eit sisyfosarbeid for oppfølgingsklassene å få midlar til eit enkelt måltid kvar dag, få midlar til fritidsutstyr, få ressursar til ekskursjonar m m slik at elevane i tillegg til opplæringa møyssommeleg kan vinne tilbake noko, av det som dei kanskje hadde i ei fjern fortid - interesser og aktivitetar som kasta glans over kvardagen.

Når St. meld nr. 23 (1991-92) fortel at kriminaliteten kostar det norske samfunnet minst 38 milliardar i året,²⁰⁾ og andre stortingsproposisjonar fortel oss at det viktigaste er å hindre tilbakefall frå tidlegare kriminelle, ja då skulle ein tru at oppfølgingsarbeidet skulle få midlar slik at arbeidet på dei områda ein veit ein må lukkast på, er sikra levelege vilkår. Det er ikkje tilfelle. Men først, kva har eigenleg styresmaktene sagt om dette området?

Politiske lovnader - utan innhald?

Styresmaktene har bruka mange ord på å fortelje kor viktig det er med eit strukturert og godt oppfølgingsarbeid. Forskringsrapportar har vist fråveret av satsing på dette området og på mangelfullt tverretatleg samarbeid. Tunge europeiske rapportar peikar på at eit kjenneteikn ved dette arbeidet er mellom anna at departementa seg imellom ikkje greier å samarbeide og samordne innsatsen.²¹⁾ Internasjonale tilrådingar legg vekt på at så langt råd er skal straffedomte ha høve til å få opplæringa si i det ordinære skoleverket utanfor institusjonen.²²⁾

Alt tidleg viste styresmaktene ein teoretisk vilje til å peike på behovet for å gje undervisning utanfor murane. I 1974 la eit utval sett ned av Rådet for fengslenes arbeidsdrift, fram ei innstilling om opplæring av fangar. Utvalet gjekk inn for at innsette fekk opplæringa, både i og utanfor fengslet. Prinsippet var at dei innsette skulle følgje opplæringa utanfor fengslet "...bor sokes gjennomført ved at fangen deltar i den vanlige undervisning utenfor fengslet."²³⁾ Straffeomsyn var ikkje akseptabel grunn for å halde fangen borte frå ei slik undervisning. Det avgjerande, meinte utvalet, var risikoen for straffbare handlingar og at fangar kunne nyttiggjera seg opplæringa.²⁴⁾

To år seinare kom eit nytt utval - Skaalnesutvalet - med si innstilling. Dette utvalet drøftar undervisning ved sosiale og medisinske institusjonar. Det diskuterte mellom anna opplæring i fengsel og korleis pedagogisk verksernd skulle leggast til grunn for heile anstaltsdrifta. Men utvalet kom også med ei prinsipiell fråsegn som gjekk inn for undervisning utanfor murane: "I prinsippet bør opplæring sokes lagt utenfor fengslene, men der sikkerhetshensyn eller andre forhold krev-er det, bør opplæringen skje i anstalten."²⁵⁾

Den omfattande stortingsmeldinga om kriminalpolitikken som blei lagt fram av justisminister Valle i slutten av 1970-åra, er også opptatt av tilbakeføringsarbeidet. I tillegg til at regjeringa går inn for utvida bruk av frigang, er regjeringa opptatt av ei meir velutvikla offentlig arbeidsformidling for tidlegare innsette og personar som skal frigjevast. Offentlege arbeidsplassar bor i større grad opnast for tidlegare straffa og det er også på tale om eit meir systematisk samarbeid med fagrørsla i samband med tilbakeføringsproblema.²⁶⁾ Det er og framlegg om å styrkje Kriminalomsorg i frihet.²⁷⁾

Men frigang blir berre nytta i liten grad. Rapporten om fengselsun-

dervising som Radet for vidaregåande opplæring og justisdepartementet står bak i 1984, konkluderer med at det er eit fåtal av dei innsette som får frigang til skole eller arbeid. Rapporten legg vekt på at det er behov for svært tett oppfølging like etter frigjeving (og i lang tid etterpå) for å hindre at dei ikkje sluttar på den skolegangen dei har starta på.²⁸⁾

Det offentleg oppnemnde utvalet som la fram innstillinga si (NOU 1992:19) i juni 1992 understreka sterkt at opplæring i fengsel måtte sjåast i eit større perspektiv

at bare når opplæringen inngår som ett av mange elementer i et helhetlig opplegg siktet inn mot fremtiden for den innsatte, har skolen sin viktige og meningsfulle plass i det nødvendige tilbakeføringsarbeidet. Dette perspektivet på opplæring i fengsel forutsetter at resosialiseringen blir en av de viktigste oppgaver det offentlige har overfor den straffedømte.²⁹⁾

Sjolv om denne NOU-en ikkje blir grunnlag for ei stortingsmelding, får den ein brei plass i dei årlege ordsifta om kriminalpolitikken. I innstillinga frå justiskomiteen om løyvingar på statsbudsjettet for 1993, peikar komiteen på kor viktig det er at dei innsette får høve til å gjennomføre opplæringstilbod som kan gjera det lettare å koma inn i det ordinære samfunnsliv etter avslutta soning. I tillegg peikar justiskomiteen på at frigang som blir lite nytta i Noreg, kan betre overgangen frå soning til fridomen.³⁰⁾

Stortinget er i iggo-åra på ulike måtar opptatt av å styrke oppfølgingsarbeidet. Eit perspektiv som har blitt tydelegare er at den domfelte i størst mogeleg grad sjolv må ta ansvaret for eit kriminalitetsfritt liv og integrering i samfunnet. Sams tundes blir det sagt at for å få til ei vellukka integrering er det viktig at kriminalomsorgen samarbeider tett med andre samfunnsinstitusjonar, som til dømes skoleverk, sosial- og helsetat og arbeidsmarknadsstyresmaktene.³¹⁾ Dette blir også sterkt understreka av justisdepartementet ved fleire høve.³²⁾ Det same departementet understrekar kor viktig det er at planlegging av frigjevinga startar tidleg "Forberedelse av løslatelsen bør være i fokus allerede fra soningsstart. Dette krever et administrativt apparat for systematisk utslusing."³³⁾ Også Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen blir etter kvart meir opptatt av dette området og peikar utover i iggo-åra på behovet for å styrkje oppfølgingsarbeidet. For budsjettåret 1999 går KUF inn for på bakgrunn av rapporten "Tilbake til samfunnet?" å setje i gang prosjekt " ... hvor målene er å tilegne seg erfaringer som skal føre til bedre samordning, effektivisering og utnyttelse av ressursene innenfor oppfølgingsarbeidet. Prosjektene skal samtidig føre til et bedre tilbud for straffedømte/tidligere straffedømte."³⁴⁾

Den etter kvart etterspurde stortingsmeldinga "Om kriminalomsorgen" blir lagt fram våren 1998. Her går regjeringa framleis som justisminister Valle gjorde for 20 år sidan, inn for auka bruk av frigang som eit middel til å lette overgangen frå fengsel til det frie samfunn. Men i realiteten har frigang i åra frå justisminister Valle til justisminister Aure blitt nytta i svært liten grad. Dette trass i at departementet sine egne statistikkar viser at der frigang har blitt brukt, har det nesten ikkje vore svikt.

I tillegg vil regjeringa at alle skal ha tilsyn i tre månader, forvaltningssamarbeidet blir på ny understreka som viktig for å forebyggje e ny kriminalitet og samarbeidet med dei frivillige organisasjonane skal utviklast vidare.³⁵⁾ I behandlinga av meldinga understrekar stortinget igjen at styrking av ettervernet er nødvendig for å forebyggje ny kriminalitet. Difor må samarbeidet mellom dei ulike etatane vidareutviklast etter avslutta soning, slik at ettervernet for den innsette blir betre. Det må byggjast opp eit sosialt nettverk for den innsette. Arbeidsmarknadsetaten må sikre kompetanseoppbygging under soning og arbeidslivskontakt etter frigjevinga.³⁶⁾

Arbeidsmarknadsetaten har vore sakna og etterlyst innanfor dette

området. Kommunal- og arbeidsdepartementet har i tildelingsbrevane sine til Arbeidsdirektoratet understreka at det er viktig å utvikle gode attføringsplanar for unge funksjonshemma, blant anna for personar med kriminell belastning, i overgangen frå skole til arbeid. I tillegg heiter det at arbeidsmarknadsetaten også skal medverke til at ledige med svak utdanningsbakgrunn og lite aktuell arbeidserfaring i aukande grad skal innpassast på den ordinære arbeidsmarknaden.³⁷⁾ Når vi veit at berre 30 prosent av dei straffedømte er i arbeid ved innsetjing i fengsel,³⁸⁾ skulle ein ha venta ein storoffensiv frå styresmaktene på dette området. Ein nyleg publisert dansk doktorgrad (Kvysgaard 1998) viser at kriminaliteten i Danmark i dag i høgare grad enn tidlegare blir utført av personar som er marginaliserte og utstøytte i samfunnet. Arbeidslause har storst risiko for å hamne i kriminalitet - personar utan kontakt til arbeidsmarknaden gj er seg skuldig i 3 - tre gonger så mange lovbrøt som resten av folket.³⁹⁾ Det er grunn til å tru at det same gjer seg gjeldande her i landet. Det er difor forunderleg å oppleve at detvellinga prosjektet "Arbeid med bistand" som Arbeidsmarknaden har utvikla i høve til langtidsledige med gode resultat, ikkje har kome inn i kriminalomsorgen for fullt. Det må leggjast til at i 1998 starta justisdepartementet og Arbeidsdirektoratet som skal kombinere Ny Startprogramma i fengsla med Arbeid med bistand tiltaka i regi av arbeidsmarknadsetaten. Vidare er det sendt ut eit rundskriv om "Opprettelse av samarbeidsforum og samarbeid om personar med behov for bistand fra flere instanser for å kunne komme i arbeid eller utdanning". Målsetjinga er å få til betre informasjon og utvikle samarbeidet.⁴⁰⁾ I tillegg har vi fått to stortingsmeldingar "Om handlingsplan for funksjonshemma 1998-2001. Deltaking og likestilling" og "Ansvar og meistring Mot em heilskapleg rehabiliterings-politikk."⁴¹⁾ Både meldingane går inn for betre samordning og opplegg i større grad tilpassa den enkelte brukar.

Som lesaren skjonar har det ikkje mangla på mange kunnskapsbaserte og positive verbale utsegnar på dette området. Oppfølging og handling i praksis er av ein heilt annan og svakare karakter.

Med mykje kunnskap om dette feltet frå forskning og utgreiingsarbeid, sette likevel Statens utdanningskontor i 1995 ned ei arbeidsgruppe som fekk som mandat å

- kartleggje og samle inn informasjon om ulike oppfølgingstiltak i fengselsundervisninga,
- vurdere erfaringane frå arbeidet i oppfølgingsklassene/-prosjekta i fengselsundervisninga,
- koma med framlegg til tiltak for styrking av oppfølgingsarbeidet i fengselsundervisninga.

